

Hei,

Viser til brev avsendt frå Austevoll kommune v/ ordførar Renate M. Klepsvik, der ho varslar betalingstogg for b-ferja, grunna at fylkeskommunen/Skyss trass særst sterke signal frå kommunen og næringslivet har valgt å nytta seg av opsjonen på kontraktsforlenging på eitt år.

1) Lokalavisa lurar på grunngevinga til fylkeskommunen i forhold til opsjonen, spesielt sett i forhold til det som ein lokalt opplever som upåliteleg rutetilbod (jfr. m. a. to grunnstøyttingar i kontraktsperioden og minst to alvorlege driftsstoggar midt i fjorden).

Dei fleste ferjekontraktane i Hordaland går ut i 2018, med unntak av sambanda Krokeide-Hufthamar og Husavik-Sandvikvåg. Bakgrunnen for at opsjonen for sambanda i Austevoll er vedtatt utløyst, er at ein ønskjer å sjå alle ferjesambanda i Hordaland under eitt.

- For Hordaland fylkeskommune er alle ferjesambanda i fylket like viktige og det er ønskeleg med ei felles god politisk handsaming av ferjeandboda. Fylkeskommunen har arbeidd med ein framdriftsplan for framtidige ferjeandboda i Hordaland og fylkesrådmannen skal etter planen leggje fram sak om dette i førstkommande samferdselsutval og deretter i fylkesutvalet.
- Politikarane skal og bli presentert for planen for det vidare arbeidet etter at dei strategiske vegvala er tekne. Framdriftsplanen er basert på at det er tatt ut opsjon på Austevoll. Dersom vi ikkje hadde utløyst opsjon i Austevoll, ville det ikkje ha vore tilstrekkeleg tid til å gjennomføre ein konkurranse som skal vere med å bidra til at ein kan få ein betre kvalitet samanlikna med i dag.
- Erfaringar frå andre fylkeskommunar, mellom anna Møre og Romsdal, syner at kort tid til gjennomføring av ny konkurranse fører til både høgare pris og lågare kvalitet samanlikna med kontrakten vi har i dag. Det er ikkje ein situasjon Hordaland fylkeskommune ønskjer.
- Fylkeskommunen er klar over at kvart avvik råkar einskildreisande og verksemdar, noko vi er svært lei for. Alle avvik blir følgde opp mot operatøren med sanksjonar ved ikkje planlagde avbrot og ved manglande innsetting av reservemateriell. For ferjesambandet Krokeide-Hufthamar er det relativt sett få avvik i høve til totalproduksjonen, og avviksprosenten er ikkje høgare enn den vi ser på andre ferjesamband i fylket.

2) Kva skjer med ferje b dersom kommunen held på at dei ikkje lenger vil betala sin del av drifta?

- Finansieringa er basert på ein avtale med Austevoll kommune. Dersom dei vel å trekkje seg ut av denne avtalen, må vi sjå nærare på konsekvensane av dette.

3) Vidare, til ei anna del av saka, når anbudsgrunnlaget frå drift frå 1.1.2018 er klart, kva fokus vil fylkeskommunen leggja på tryggleiken til dei reisande? Det er mykje fokus på utslepp og driftsøkonomi, men noko mindre på maksimalt driftssikre framdriftssystem med såkalla redundans.

– Driftssikre ferjesamband er viktig for fylkeskommunen. Det er ulike formar for løysningar som vil gje meir driftssikker ferjedrift i Hordaland i forhold til i dag, og desse blir drøfta i politisk sak som fylkesrådmannen skal leggje fram no i januar 2015. Når det er sagt, er det også viktig å påpeike at dagens ferjeflåte i Hordaland tilfredsstillar alle krav til tryggleik. Tryggleik for dei reisande blir ivaretekt og skal alltid ivaretekast.

4) Politisk sak skal etter det eg ser opp i samferdsleutvalet om knappe to veker, blir tekniske spesifikasjonar og Veritas-standardar ein del av saka allereie på det tidspunktet?

- Det er strategiske vegval som er tema for politisk sak i januar. Vegvala vil gje rammer for vidare arbeid med konkurransegrunnlag, inkludert ulike krav og spesifikasjonar.